

Namn på skulen: Austevoll vgs

Tal elevar skuleåret 2016/17: 141

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	94,2%
2016/17	95 %

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	1,44	0,72
	2016/17	0	0,7
Termin 2/standpunkt	2015/16	4,35	2,17
	2016/17	1,4	0,7
Eksamen	2015/16	3,57	0
	2016/17	1,4	0

1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1	Ein elev i 1 fag
Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt	To elevar. Den eine eleven i 5 fag og den andre i 1 fag
<p><i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i></p> <p>Skulen ser at den nye fráværregelen har hatt positiv effekt på fráværet til elevane. Det at elevane er meir på skulen vil sjølvsagt auke læringsutbyttet til elevane. Me syntes at reglane er rigide og lite smidige og skulle ynskje at rektor hadde eit litt større handlingsrom for å prøve å «redde» dei elevane som har meir enn 15 % udokumentert frávær, men framleis har vurderingsgrunnlag i faga.</p> <p><i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i></p> <p>Skulen har ikkje satt i gang spesielle tiltak etter 1 termin sidan me kun hadde ein elev som fekk IV i eit fag.</p>	

1.4 Gjennomsnittleg frávær

2015/16	timar	9,99
	dagar	7,72
2016/17	timar	8,45
	dagar	3,39

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10	
2015/16	0,7%
2016/17	3,5%

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»	
<p>Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?</p> <p>Det er ingen med avbrottskoden «Anna fråfallsårsag/ikkje oppgitt»</p>	

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18	
<p>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?</p> <p>Skulen har svært få IV/stryk generelt og er godt nøgd med at vi heller ikkje i år har så mange som ikkje har fullført eller greidd utdanningsprogrammet sitt. Vi tolkar dette som at vi gjer ein god jobb med å motivere og leggje til rette for læring for dei fleste elevar. Ein ser og at fråværet er monaleg mindre når det gjeld dagar, så det er ei stor betring og kanskje har det verka inn på greidd eksamen og standpunkt.</p> <p>Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?</p> <p>For dei elevane som kjem inn med fortrinnsrett til eit særskild utdanningsprogram, så har skulen god oppfølging, med møte før skulestart der dei vert kjende med skulen og nokre av dei tilsette. For elevar som kjem med informasjonsskjema før skulestart, så blir kontaktlærarar informert og har i oppgåve å følgje med elevane. Dei vert og teken opp i første ressursteam om hausten, der plan vert lagt om kva tiltak dei treng. I tillegg har vi mange hybelbuarar her ved skulen som treng å få oppfølging i det å kome på skulen og ha nokon å snakke med. Kontaktlærar har ansvar for at elevane som ikkje møter til undervisning vert kontakta og i nokre tilfelle vert foreldra teken kontakt med. Dersom dei framleis ikkje møter, så vert dei tilvist til rådgjevar/elevinspektør/helsesøster. Fråværsprosedyren vert følgd for kvar enkelt elev. Kartleggingsprøvar vert nytta for å sjå kva nivå elevane ligg på, for at dei skal få best mogeleg tilrettelegging.</p> <p>Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?</p> <p>Skulen har få sluttarar, men i år har vi hatt nokre som har vore psykisk sjuke og difor ikkje har klart å fullføre. Desse elevane vart tidleg fanga opp, men det vart likevel for mykje for dei å møte på skulen. Ein av desse elevane kom inn etter skulen var byrja. Det var eit håp om at denne eleven kanskje kunne fullføre nokre fag, men det gjekk ikkje. Feilval i tillegg til sjukdom er i mange tilfeller det som er grunnen til at vi får elevar som sluttar</p> <p>Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?</p> <p>I utviklingsplanen til skulen så har vi vald 3 områder som skal vere hovudfokus ved vår skule, dette er: yrkesretting og relevans, profesjonalitet og vurdering. Alle desse tre områda er med på å utvikle skulen vår til å bli ein skule som arbeider kontinuerleg med dei som er lite motiverte og vi synes at vi er gode på å leggje til rette for god undervisning og fullføring, Ved å yrkesrette faga og vere profesjonelle i vårt arbeid når det gjeld både elevar og medarbeidarar, så vert grunnlaget lagt for god gjennomføring for elevane.</p>	

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Profesjonalitet; Haldningar som er utarbeida i «trivselsplakat» vert årleg evaluert

Kva var målet med tiltaket?

Målet med tiltaket er at tilsette skal ha felles retningslinjer, gode haldningar og profesjonell framferd som aukar trivsel og tillit.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Kollegiet har samansett ned 10 punkt som me synes er viktig å overhalde for å halde på og auke profesjonalitet, tillit og trivsel blant tilsette

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

I ein travel arbeidskvardag er det lett for å gløyme å opptre profesjonelt og høfleg overfor kvarandre. Dette punktet tek føre seg både det å kle seg representabelt, vere eit godt førebilete når det gjeld verneutstyr og opptre med respekt overfor kvarandre. Sjølv om me har ein stressande kvardag er det viktig å ta seg tid til å gjere dagen kjekkare for ein sjølv og for kollegane sine.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

I samarbeid med hovudverneombod og tillitsvalde vart me einige om at leiargruppa skulle leige inn ein ekstern foredragshaldar som kunne vere med oss i arbeidet med å utforme ein trivselsplakat.

Commented [VBH1]:

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Etter ein lang og god prosess der me har diskutert gjennom temaet profesjonalitet på alle nivå, fekk me med vegleining av laga ein felles trivselsplakat. Etter den siste sekvensen har leiinga kopiert ut og laminert trivselsplakaten og hengt den opp på alle kontor. Målet var å ha den som tema på fellesmøte ca. 1 gang i mnd. Det har me ikkje klart å følgje opp. Den skal reviderast og evaluerast no på fyrste planleggingsdag i august.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

I byrjinga var nok alle meir bevisst på korleis ein samhandla og tedde seg i samtale og samvær med kvarandre. Dette har nok «normalisert» seg ettersom tiltaket kunne ha vorte betre fulgt opp og halden fokus på. Det me ser som har betra seg er det med å kle seg korrekt og representabelt og det å bruke verneutstyr og ha enda meir fokus på HMS.

--

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Me tenker at dette er eit tiltak som treng kontinuerleg fokus. Ein er heile tida i røyrslø og alle treng å verte påminna om framferd og profesjonalitet. Dette er eit punkt som me kjem til å halde fokus på framover. Or

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa og gjennomføringa av tiltaket er me nøgd med. Dersom det er noko me burde endra på, så er det å vere enda meir merksam på samhandling og gje trivselsplakaten enda meir fokus i fellesmøta. Me må også utarbeide klare rettningslinjer for på kva måte ein skal overhalde evt. «brudd» på trivselsplakaten.

2.2 Utviklingstiltak – Yrkesretting og relevans; Kvart fellesfag på yrkesfaglege program skal ha eit yrkesretta prosjekt/tema i kvar termin

Kva var målet med tiltaket?

Yrkesretting av fellesfaga

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Opplæringsfartya våre og oppdrettsanlegga i ærområdet er sentrale læringsarenaer for skulen. Å få den marine og maritime kunnskapen forankra i fellesfaga, og dra fellesfaga inn i dei ulike praktiske undervisningsøkene, er noko skulen ynskjer å bli enda betre på. Målet er at elevane skal ha ei oppleving av økt relevans av fellesfaga i den yrkesfaglege utdanninga si

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Det er sett opp faste tider til klasselærarråd. Kvar klasse har eit klasselærarråd kvar mnd. Det er også utarbeida ei sakliste til desse klasselærarråda der eit av punkta er tverrfagleg arbeid. På desse møta kan ein avtale nytt møtetidspunkt for å forsikre seg at det tverrfaglege samarbeidet vert utført og gjennomført på ein god måte. Det vert også klart for alle som arbeider på den aktuelle utdanninga kva for tverrfaglege prosjekt som heile tida er gåande. I tillegg skulle alle lærarane hospitere/observere ein anna lærar i minst ein time. Fellesfaglærarane observerer yrkesfaglærarane og omvendt.

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

I tillegg til å legge til rette for tverrfagleg samarbeid, og hospitering så har leiinga sett av ein planleggingsdag der dei yrkesfaglege lærarane våre laga eit opplegg for oss alle saman for å betre kunne forstå korleis den yrkesfaglege undervisninga går føre seg. Dei yrkesfaglege lærarane tok oss med på opplæringsfartyet vårt, Stø kurs. Der fekk me fyrst gjennomgang av krisehandtering og informasjon om kva som skjer om det går ein alarm på Stø kurs. Etter

dette var me ute og halte garn som lærane og elevane hadde sett ut dagen før. Me fekk ein liten smakebit på korleis ting går føre seg når elevane er ute og fiskar med båten, både lokalt her i Austevoll, men også på skreifiske i Lofoten. Bløgging av fisk vart vist og også på kva måte ein handterer fisken i ettertid. Då fisket var ferdig, gjekk krisealarmen, og me måtte evakuere båten og komme oss i bergingsflåtane. Alle måtte få på seg overlevningsdrakt og det vart vist korleis ein sjøsett og frigjer bergningsflåten. Dei som ville fekk hoppe i sjøen for så å entre flåten, mens dei som syntes det vart litt for skummelt, fekk ta seg ned i flåten langs skutesida. Dei som hoppa, vart «fiska» opp i flåten av bergingsleiar. Vel inne i bergingsflåten fekk me føredrag om tryggleik og opphald i flåta. Informasjon om korleis ein ter seg ved ein krisesituasjon og korleis ein skal kunne overleve dagar og veker i ein flåte vart gjeven. Etter dette kom ein av lærarane med den nye redningsfarkosten vår og plukka oss opp frå flåta. Der vart det på ny informasjon om fartøyet og dei som ville fekk navigere båten. Vel på land att, venta naturbrukslærarane med undervisning av dei viktigaste knutane og spleisane som elevane må lære seg.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Tilbakemeldingane er at dette var ein svært lærerik dag. Det at me gjennom heile året har hatt stor fokus på tverrfagleg arbeid, har gjort det enklare for alle lærarane å involvere seg i arbeidet. Etter dagen på sjøen vart det og enklare for fellesfaglærarane og ta med seg krisehandtering mm inn i sine emner i norsk, engelsk osv. Det er også fleire lærarar som har uttrykt at dei vil ta seg tid til å vere meir med ute med båten for å få enda meir kjennskap til den praktiske opplæringa.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Me føler at me er godt på veg og at me heilt klart har nådd målet om eit tverrfagleg prosjekt i kvar klasse. Igjen, så er dette eit mål som det må haldast fokus på kvart einast år.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Skulen er nøgd med at det har vore stort fokus på mål og tiltak, og føler at me har brukt nok tid på tiltaket til at me har nådd målet dette skuleåret.

2.3 Utviklingstiltak – Vurdering;

Kva var målet med tiltaket?

Alle elevar skal vite kva som forventast av dei i dei ulike faga.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Faglærarane skal arbeide kontinuerleg med vurderingskriterier og kjenneteikn på måloppnåing i faget og presentere dette for elevane.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

For å sikre at skulen held eit høgt fokus og nivå på vurdering og at me er trygge på at me heile tida har oppdaterte vurderingskriteriar i alle fag.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Tema har vore mykje drøfta og diskutert på både fellesmøte og avdelingsmøter. Etter dette vart lærarane delt opp i faggrupper der ein skulle gå gjennom og oppdatere vurderingskriterier i alle fag.

2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har lagt til rette for drøfting og diskusjonar på fellesmøter. Avdelingsleiarane har leia vidare arbeid i avdelingsmøtene. Etter endte fagmøter har ferdig resultat vert lagt fram for avdelingsleiarane.

2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Ja, no har leiinga kvalitetssikra at det er oppdaterte vurderingskriterier i alle fag. Enkelte lærarar seier at dei no har større fokus på det strategiske og kontinuerlege vurderingsarbeidet.

2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Dette er eit mål og tiltak som må ha stort fokus kvart einaste år. For i år er målet nådd, men me kjem til å halde stort fokus på vurderingsarbeid vidare.

2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa og gjennomføringa har fungert fint. Me har hatt ein motivert lærarstab som har sett nytten av dette viktige arbeidet. Det å legge til rette for nok bruk av tid til emnet har vore viktig. Ein må også fastsette tidspunkt form å kvalitetssikre at alle planar er oppdatert og relevant.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Leiinga har sett av tid både på fellesmøter og i avdelingsmøter til å køyre prosessar inn pedagogisk utvikling og tilstandsvurdering. Me har også nytta planleggingsdagane godt både med eksterne og interne personar som har spisskompetanse på sitt felt innan pedagogisk utvikling.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Ved å køyre prosessane i felles møtetid og delt inn i arbeidsgrupper så har alle blitt involvert og forplikta seg til medverknad

<p>3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?</p> <p>Ved å køyre prosessane i felles møtetid og delt inn i arbeidsgrupper så har alle blitt involvert og forplikta seg til medverknad</p>
<p>3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?</p> <p>Ved å ta emner som profesjonalitet, og vurdering opp til informasjon og drøfting i elevrådet.</p>
<p>3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?</p> <p>Å finne nok tid til å kunne arbeide kontinuerleg og målretta med tiltaka</p>
<p>3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.</p> <p>Hovudfokuset til oss på Austevoll vgs er heile tida å tenke korleis ein kan auke læringsutbyttet hos elevane og korleis ein kan halde på den høge fullføringsgraden til skulen. Alt me gjer er farga av desse måla. Det er mykje spanande som skjer på skulen og me føler at me heile tida er i utvikling. Dei siste åra har me nok arbeidd meir målretta med det pedagogiske utviklingsarbeidet enn me har gjort før. Det har vore stort fokus både sentralt og fylkeskommunalt som også har «smitta» over på oss som skule. Det at me heile tida vert revidert frå ulike instansar som HFK, Sjøfartsdirektoratet, DNV-GL, Arbeidstilsynet m.f. gjer at me må helde oss oppdatert og finn tid til å drive eit kontinuerleg arbeid for å forbetre oss og halde utviklinga gåande. Me er nøgd med arbeidet me har fått utretta dei siste åra, og føler at me er i ferd med å få ein møtstruktur som fungerer også når det gjeld utviklingsarbeid. Me ser at me kan involvere organisasjonane meir i utviklingsarbeidet både når det gjeld møteinnhald og regi av ein eller to planleggingsdagar i året. Det at me har så høgt fokus på læringsutbytte og fullføring er nok ein av dei største grunnane til at elevane opplev Austevoll vgs som ein flott skule å vera elev på og at me klarer å halde elevane sin motivasjon oppe heile løpet ut.</p> <p>Me fekk i fjor oppretta ein fagleiar i 40 % stilling som kjem til å få ein enda meir framtrekande rolle når det gjed pedagogisk utviklingsarbeid, vurdering og læreplanarbeid i framtida. Dette er med på å kvalitetssikre at skulen held rett kurs og framleis har høgt fokus på utvikling.</p>

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.